






## REFERAT SAMARBEIDSUTVALGET FOR BERGENSREGIONEN

<b>Tid:</b>	<b>2.juni 2021 kl. 10.00 – 12.30</b>
<b>Sted:</b>	<b>Digitalt møte</b>
<b>Møteleder:</b>	<b>Monica Totland Melvold</b>
<b>Tilstede:</b>	Randi-Luise Møgster, Janne Drevsjø, Stig Håvardstun, Kjell Matre , Grete Lill Hjartnes (ref) , Anita Sæløen Hop, Anne Kjersti Drange, Gro Kalvenes, Elena Sandgathe (HDS), Anders Hovland, Stein Inge Stigen (Øygarden)
<b>Forfall:</b>	Rebekka Ljosland, Line Barmen, Linn Kristin Kästel, Karen Anne Stordalen og Geir Lien

Nr	Saker	Sakstype/ vedlegg
13/21	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  <b>Vedtak:</b> Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.	V
14/21	<b>Godkjenning av referat frå møte 23.februar 2021</b>  <b>Vedtak:</b> Referat vart godkjent med følgjande merknad: Sak 4/21 «Kvalitetsforbedring av samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging» Arbeider med å få på plass representant frå SU Bergensregionen	V
15/21	<b>Endra rutinar for offentleggjering av sakslister og referat</b>  <b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Bergensregionen sluttar seg til: 1. forslag til nye rutinar for godkjenning og offentleggjering av referat frå møte i samarbeidsutval/-råd, slik det er presentert i forslag til nye rutinar.	V

	<p>2. at sakslister sendes til utvalsmedlemmene som før, vert godkjent i samarbeidsutvalsmøta og deretter vert publisert på felles nettside.</p>	
16/21	<p><b>Covid 19 – orientering frå koordineringsgruppa</b>  Orientering om status frå koordineringsgruppa v/ Anne Halhjem (Bjørnafjorden)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Koordineringsgruppa har møte x 1 pr veke</li> <li>- Fast agenda:  Status frå SU områda, HB og HDS (smittestatus, kapasitet, spesifikke utfordringar)</li> <li>- Pandemiutvikling</li> <li>- Status Laboratoriet</li> <li>- Innmeldte saker frå smittevernlegane</li> <li>- Viktig at Anne får inn info frå kvar kommune i utvalet kvar måndag, dette har fungert bra.</li> <li>- Koordineringsgruppa fungerer bra.</li> <li>- Helse Bergen er god på å ta utfordringane kommunane har.</li> <li>- Referat vert sendt ut og må spreiest vidare i kommunane.</li> <li>- Vaksine og utfordringar i sommar er meldt inn sentralt via Koordineringsgruppa</li> </ul>	O
17/21	<p><b>Handlingsplan 2021</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomgang av status for tiltaka.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b>  SU Bergensregionen tek gjennomgang av status for handlingsplan 2021 til orientering.</p>	O
18/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 1.4 - Særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS</b></p> <p>Elena Sandgathe (SSe) orienterte om arbeidet med avtalen. Det er mål om å få på plass og signert Særavtalen så snart som mogeleg. Fram til den er på plass er det mogeleg å inngå midlertidige fagavtalar med sjukehusa. Løysing med Markedsplass vil truleg ikkje vera klar før i byrjinga av 2022.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Viktig at kommunane får vite tidleg om kva ALIS stillingar som er ledig. Dette vil gjere planlegginga lettare.</li> <li>- Det beste ville være at ein legg ut fortløpande stillingar, men at ein i tillegg har ein fast plan (td x 2 pr år)</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b>  Samarbeidsutvalget i Bergensregionen slutter seg til arbeidsgruppa sin tilrådde sluttprosess for avtalearbeidet.</p>	V

19/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.1 - Felles Utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b></p> <p>Utval leiar Monica Totland Melvold orienterte om saka. Prosjektrapporten laga av prosjektleiar Odd Ivar Øvregård inngår som en del av kunnskapsgrunnlaget til vidare arbeid. Rapporten og PP presentasjon ligg vedlagt</p> <p>Tidsplanen for arbeidet er stram, men den vil vera mogeleg å gjennomføre om alle partar arbeider godt. Monica er medlem i Styringsgruppa og ønskjer eit tett nettverk i vidare arbeid for å sikra forankring i kommunane. Styringsgruppa som no er føreslått som arbeidsgruppe er ei dedikert gruppe, men arbeidsgruppa bør utvidast med ein representant til frå kvart SU område med mål om å sikre brei representasjon som mellom anna ivaretek geografiske utfordringar. Viktig med eigarskap, er både forpliktande og inspirerande. Er det mogeleg å sjå til organisering av pandemikoordineringsgruppa? Ønskjer at KS vert med i prosessen framover som referansegruppe.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet Bergensregionen støttar forslag til prosess og mandat for arbeidet med å etablere helsefellesskap i regionen med følgjande merknadar.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utvide arbeidsgruppa med ein representant frå kvart utvalsområde</li> <li>2. KS deltek i prosessen som referansegruppe</li> </ol>	<p>O/V</p>  <p>Etablering av helsefellesskap.pptx</p>  <p>RAPPORT - FELLES UTVIKLINGSPLAN - 0</p>
20/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.5 - Digital samhandling</b></p> <p>SU Bergensregionen takkar Kristin Brekke og Hege Rob Mo for god og nyttig presentasjon.</p> <p>Aktuelle tema vidare i SU Bergensregionen vil vera:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Felles behandlingsplan på tvers av tenestenivå</li> <li>- Digitale konsultasjonar</li> </ul>	<p>O</p>  <p>Overordnet presentasjon av e-h</p>
<b>Andre saker</b>		
21/21	<p><b>Toppleiarmøte 2022</b></p> <p><b>Vedtak:</b> SU Bergensregionen tek saka om Toppleiarmøte med tentativ dato 27.01.2022 til orientering.</p>	<p>O</p>

	Medlemmene i SU vert oppmoda om å leggje tentativ dato inn i kalenderen til dei som er aktuelle deltakarar frå kommune og føretak.	
22/21	<p><b>Utfordringar knytt til oppfølging av samarbeidsavtalen om inn og utskrivning i psykisk helsevern</b></p> <p>Helse Bergen gav orientering om kva tiltak Divisjon psykisk helsevern har iverksett med utgangspunkt i tilbakemeldingane (td auka kunnskap om tenesteavtale 3 og 5 samt prosedyre for handtering av avvik).</p> <p>I tillegg ønskjer ein å leggje til rette for meir dialog knytt til samhandling med kommunane og det vert oppretta eit Samhandlingsteam på Psykiatrisk Akuttmottak (PAM).</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Bergensregionen tek saka til orientering og støttar forslaget om å knytte eit vidare forbetningsarbeid til etablering av helsefellesskap i føretaksområdet samt til arbeidet med prioriterte pasientgrupper.</p>	O/D
23/21	<p><b>Val av nye representantar i Medisinsk fagleg utval(MFU)</b></p> <p>Kristin Cotta Schönberg (Askøy) er medlem av MFU frå SU Bergensregionen. Det må veljast ein vararepresentant til MFU.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Bergensregionen tek saka til orientering og melder inn ein vararepresentant til arbeidet.</p>	O/V
24/21	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p><b>Helse Bergen:</b> (Randi-Luise Møgster) Invitasjon til deltakelse i arbeidsgruppe om Heroinassistert behandling (HAB)</p> <p><i>«Avdeling for rusmedisin, LAR, skal innen utgangen av 2021 etablere et prøveprosjekt med Heroinassistert behandling (HAB) som en del av legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Heroinassistert behandling skal etableres som et tilbud for en utvalgt målgruppe av personer med avhengighet til heroin, som ikke har hatt tilstrekkelig behandlingseffekt av ordinær LAR.»</i></p> <p>Viktig med breitt perspektiv og god samhandling ut mot kommunane. SU Bergensregionen vert invitert til å delta i arbeidsgruppa med ein deltakar.</p>	<p>O</p> <p> Fremtidens DPS i Bergensregionen SL</p> <p> Fremtidens DPS prosjektdirektiv 1.0</p>

	<p>SU Bergensregionen vil sjå om dei har kandidatar og melde attende innan 1 veke.</p> <p><b>Askøy:</b> (Anne Kjersti Drange) Askøy skal delta i Statleg finansiering av omsorgstenester (SIO) frå 01.01.22 (delta i 1 år). Deler erfaringar med Bjørnafjorden som har delteke lenge. Har etablert Vurderingsteam og opplever at dei har fått betre flyt i tenestetilbod og tildeling. Kjem attende med meir informasjon seinare.</p> <p><b>Solli DPS:</b> (Anders Hovland) Presentasjon av «Prosjekt Fremtidens DPS i bergensregionen» (Tenesteutvikling Delprosjekt c) - Vedlagt direktiv og PP presentasjon</p> <p>SU Bergensregionen kom med følgjande innspel til det viktige arbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samhandling med kommunane er viktig og dei må tidleg inn i prosessar. Kommunane må tettare på enn berre som høyringsinstans.</li> <li>- Må sikre ein god samhandlingsstruktur</li> <li>- Fleire enn PKO må delta.</li> <li>- Dialogmøter/drøftingsmøter. Vår felles pasient der ein diskuterer felles frå start.</li> <li>- SU strukturen er viktig og bør ha representasjon.</li> <li>- Sak til Administrativt kontaktmøte (AK) og vidare til SU for innspel og drøfting</li> <li>- Bør ha med brukarrepresentant med i tillegg til erfaringskonsulent.</li> <li>- Gjeld alle SU</li> </ul>	
25/21	<p><b>Referat frå underutval:</b></p> <p><b>Vedtak:</b> SU Bergensregionen tek referatet frå Felles UFAB 14.04.21 til orientering.</p>	O
26/21	<p><b>Eventuelt</b> Monica Totland Melvold takkar for godt samarbeid! Kjekke møter med god dialog. Helsefellesskap vert bra og alle må delta. God sommar til alle!</p>	